



Tveit Gård  
c/o Ørjan Tveit Sætrevikvegen 63  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/14837 - 21/37358

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
03.06.2021

## Landbrukssak GBNR 357/8 Sætre - Svar på søknad om forlenging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 637/21

### VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Tveit Gard v/Ørjan Tveit løyve til bygging av omsøkt veg på 357/8 Sætre.

### Vilkår

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast
- Vegen skal byggast som ømsøkt.
- Løyver, fullmakter og nabovarslar må vera til stades før bygging kan settast i gong
- Vedtaket er gyldig til 31.06.2024

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bort jf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.

### Saka gjeld

Ørjan Tveit fekk i november 2020 løyve til bygging av ca 130 meter landbruksveg i vegklasse 7. Vegen blei litt for kort og det vert no søkt om å forlenga den med ca 30-40 meter. Planen er å få god tilkomst til bikubar med traktor i enden av vegen.

### VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilheitsløsningar. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Vegen skal gje god tilkomst for stell og drift av bikubar og er såleis i tråd med føremålet.

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, gardskart og Artsdatabanken. Det er ikkje gjort funn i området.

Saka var på høyring hausten 2020 til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune v/kulturavdelinga. Ingen av partane hadde innvendingar mot tiltaket då og me vurderer at det ikkje er naudsynt med ny høyringsrunde.

### **Regelverk**

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier  
Naturmangfaldlova  
Forvaltningslova  
Kulturminnelova  
Offentlegheitslova

### **Privatrettslege tilhøve**

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpa med.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/14837

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Tveit Gård

Ørjan Tveit

c/o Ørjan Tveit  
Sætrevikvegen 63  
Elsters Gate 3

5917 ROSSLAND

5059 BERGEN